



## Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato  
31.01.2017

Vår referanse  
2017/1407

Arbeids- og velferdsdirektoratet  
[direktoratet@nav.no](mailto:direktoratet@nav.no)

### Sosialstønad til buutgifter

Vi har hatt samling for dei som arbeider med oppgåver knytte til sosialtenestelova ved fylkesmannsembata i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. I denne samanheng har vi oppdaga at vi har litt forskjellig forståing av lova når det gjeld sosialstønad til buutgifter. Av omsyn til rettstryggleiken for dei som søker om sosialstønad ber vi om at Arbeids- og velferdsdirektoratet avklarar rettssituasjonen der det er divergens mellom fylkesmannsembata.

I rundskriv 35 til sosialtenestelova punkt 4.18.2.42 har Arbeids- og velferdsdirektoratet slått fast at utgifter til bustad, som husleige, kommunale avgifter, faste utgifter i burettslag, sameige og liknande, samt bustadforsikring og innbuforsikring, er i kjerneområdet for livsopphaldet. Dei som ikkje har pengar til å kunne dekke sine buutgifter, har såleis rett på sosialstønad. Dersom buutgiftene er høge, kan Nav stille vilkår om at stønadsmottakaren reduserer buutgiftene, til vanleg ved å flytte til ein bustad der buutgiftene er låge. Bustaden skal vere i alminneleg god stand og ha ein nøktern standard.

Dei problemstillingane som vi har diskutert, og som vi ønskjer direktoratet si vurdering av, er:

Kan Nav krevje at ein einsleg stønadsmottakar reduserer buutgiftene ved å flytte inn i bufellesskap?  
I byar og bynære strok er det ikkje uvanleg at unge personar bur i bufellesskap, for på den måten å redusere buutgiftene. Til vanleg vil ei slik buform vere den rimelegaste på bustadmarknaden i kommunen. Spørsmålet vårt vert då om Nav kan leggje til grunn at ein einsleg som søker om sosialbustad reduserer buutgiftene ved å flytte inn i eit slikt bufellesskap? Er det i tilfelle forskjell når det gjeld alder? Og kva når brukaren mislikar å bu i lag med andre?

I kva grad har ein rett på sosialstønad til buutgifter når ein bur hos foreldre eller som losjerande?  
Vi ser stadig fleire tilfelle der unge personar over 18 år, og som foreldra ikkje har forsøringsplikt for, betalar husleige til foreldra for å bu i deira heim. Har dei i tilfelle rett på sosialstønad til husleige? Kan Nav avgrense sosialstønaden til ein såkalla sats for heimebuande ungdom, sjølv om husleiga ifølgje leigekontrakten er høgare? Er det forskjell mellom det å bu på jenterommet, som ikkje er eit sjølvstendig utelegeobjekt, og dersom vedkomande bur i kjellarhusvære eller liknande som kan vere eit sjølvstendig utelegeobjekt? Kva gjeld dersom ein som ikkje er i nær familie med huseigar tek inn som losjerande i husværet, vil vedkomande ha rett på sosialstønad til heile husleiga dersom husleiga er på nivå med eit sjølvstendig utelegeobjekt av nøktern standard?

Vi vil setje pris på om Arbeids- og velferdsdirektoratet kan avklare kva som er rett lovforståing når det gjeld desse spørsmåla.

Med venleg helsing

Øystein B. Jacobsen  
sekjonsleiar

Tor G. Turøy  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrifter.*

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, [fmsfpost@fylkesmannen.no](mailto:fmsfpost@fylkesmannen.no)  
Fylkesmannen i Rogaland, [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)